

Har gjennomført skuleleiarutdanning.

11.02.2017



Bjørn Olav Tveit(nr.2 f.h.) var ein av dei som fullførte rektorutdanning sist veke.

Rektor ved Rosendal ungdomsskule Bjørn Olav Tveit er mellom dei som har gjennomført skuleleiarutdanning, også kalla rektorskulen, ved Norges Handels høgskule siste året. Utdanninga er på 30 studiepoeng, og Tveit og medstudentane har gjennomført studiet som deltidsstudie over eit år.

Dei fleste studentane som har tatt utdanninga saman med Tveit er frå Hordaland, men det var også nokre frå Sogn og Fjordane. Han fortel om eit travelt og interessant studium der det har vore 8-9 samlingar gjennom året. På samlingane har det vore føredrag med toppfolk. Det gjennomgåande tema har vore skuleleiing og leiing av kunnskapsarbeidarar.

Som ein viktig del av studiet var også skriving av ei omfattande oppgåve. Bjørn Olav Tveit fortel om ei oppgåve på 160 sider. Torsdag var dei oppe til eksamen og forsvarte oppgåva munnleg. Dermed vart studiet i boks.

For underteikna er det imponerende å gjennomføra eit såpass omfattande studie på eit år i tillegg til ein krevjande rektorjobb. Ekstra imponerende vert det når ein er relativt fersk i rektorstolen. Bjørn Olav Tveit byrja som rektor ved Rosendal ungdomsskule hausten 2015. Han fortel at han trivest godt i jobben, og han rosar både tilsette og elevar.

- Kjekke folk, avsluttar rektoren.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat